



HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND
JORDSKIFTERETT

2009 1279 54
ASR/
DEB
470

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Arkivnummer
08

Din referanse
200901279-/TSA
Vår referanse
160/2010/ksk

Din dato
18.09.2009
Vår dato
28.01.2010

HØYRINGSUTTALE – UTKAST TIL NY JORDSKIFTELOV

Me syner til brev datert 18. september 2009 frå Landbruks- og matdepartementet, vedrørende høyringsnotat med forslag til ny lov om jordskifte. Dette er ein felles uttale frå jordskiftedommarane i Gulating.

Med helsing
Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett

Knut Sveinung Kleppa
for

Knut Sveinung Kleppa
Jordskiftedommar

Tlf. direkte innvalg: 92842053

E-post: knut.sveinung.kleppa@domstol.no

Høyringsuttale til høyringsnotat om- og utkast til ny jordskiftelov.

Samla uttale frå jordskiftedommarane i Gulating.

1. INNLEIING.....	2
2. HOVUDMERKNADER.....	2
2.1 Generelle merknader.....	2
2.2 Vilkår for jordskifte.....	2
2.3 Fremmingsvedtaket.....	3
2.4 Tilhøve til tvistelova.....	4
2.5 Ankeordninga.....	4
2.6 Andre særlege merknader.....	5
2.6.1 Kapittelinnendinga.....	5
2.6.2 Omgrepsbruken.....	5
2.6.3 Forlikråd og kartforretning.....	5
2.6.4 Fjerning av krav i noverande lov §5, jfr. forslaget §3-15.....	6
2.6.5 Mellombels ordning også i rettsutgreiing og grensesaker.....	6
2.6.6 Generelt om tilhøvet til samisk reindrift.....	7
3. Merknader til dei einskilde kapitla.....	7
3.1 Merknader til kapittel 1. Formålet med lova, virkeområde og nokre definisjonar.....	7
3.1.1 Kommentrar til dei einskilde paragrafane.....	7
3.2 Merknader til kapittel 2 Jordskifterettane.....	8
3.2.1 Hovudmerknader til kapittelet.....	8
3.2.2 Kommentrar til dei einskilde paragrafane.....	8
3.3 Merknader til kapittel 3 Jordskifte.....	9
3.3.1 Generelt.....	9
3.3.2 Kommentrarar til dei einskilde paragrafar.....	9
3.4. Merknader til Kap. 4. Rettsutgreiingssak og grensesak.....	15
3.4.1 Generelt.....	15
3.4.2 Kommentrarar til dei einskilde paragrafar.....	15
3.5. Merknader til Kap. 5. Skjønn.....	17
3.5.1 Generelt.....	17
3.5.2 Merknader til dei einskilde paragrafane.....	19
3.6. Merknader til Kap. 6. Saksbehandlingsreglar.....	20
3.6.1. Generelle merknader.....	20
3.6.2 Merknader til dei einskilde paragrafane.....	21
3.7. Merknader til Kap. 7. Kostnader ved sak for jordskifterett.....	26
3.7.1 Generelt om kostnadsnivå.....	26
3.7.2 Merknad til dei einskilde paragrafane.....	26
3.8. Merknader til Kap. 8. Rettsmiddel.....	27
3.8.1. Overordna synspunkt:.....	27
3.8.2. Kommentrarar til dei einskilde paragrafane:.....	28
3.9. Merknader til Kap. 9. Ymse føresegner.....	28
4. Framlegg til endra lovtekst.....	30
5. Avslutting.....	35

1. INNLEIING.

Jordskiftedommarane i Gulating vart i november samde om å samle seg om ein felles uttale. Nokre kontor har i tillegg gitt egne merknader. På grunn av stor saksmengd, er ikkje uttalen like gjennomarbeid over alt, noko med bed departementet om å bera over med. Dei ulike kontora har fordjupa seg i kvar sine kapittel, og skrive uttalen om desse, det vil difor vera noko ulik oppbygging og språkdrakt kapitla i mellom.

Av naturgjevne og historiske grunnar er Vestlandet ein landsdel som er storforbrukar av virkemidla i jordskifteloven. Dei same grunnane gir seg utslag i behov for virkemiddel i lova som skil seg noko frå andre landsdelar, t.d, er det naudsynt med meir fleksible reglar for verdsetjing.

Mange stader har me påpeika ting som ikkje er bra, men ikkje teke oppgåva med å forfatte alternativ tekst. Me ser det ikkje som vår oppgåve å utforme lovteksten. Berre for einskilde kapittel er det gjort konkret framlegg til endra i lovtekst, desse er innteke i kap. 4.

2. HOVUDMERKNADER.

2.1 *Generelle merknader.*

Det er naudsynt med ei ny lov. Slik me ser det vil me nemne 3 område der dagens lovgiving er for dårleg/ uoversiktleg.

- Dagens lov har for dårleg struktur og er, etter mange endringar, nokså uoversiktleg.
- Det er naudsynt med ei opprydding i jordskifteretten sin kompetanse. Her medrekna stadleg kompetanse.
- Prosessreglane i dagens lov er ikkje utforma med sikte på at jordskifteretten er ein domstol. Det er naudsynt med ei gjennomgang av prosessreglane, her medrekna samordning med reglane i tvistelova. Dette er utfordrande, då det må vera ei skilje mellom jordskifteprosess og tvisteprosess. Til oppryddinga i prosessreglane høyrer også ankeordninga.

Me meiner at arbeidsgruppa har teke fatt i desse hovudproblema. Arbeidsgruppa har rydda godt kva gjeld dei to første kulepunkta, men har etter vårt syn ikkje kome heilt i mål med det siste.

2.2 *Vilkår for jordskifte.*

Dagens lov §1 og §3 a, er kjende og kjære reglar for jordskiftedommaren. Desse er vidareført i annan språkdrakt i utkastet §§3-2, 3-3 og 3-4. Me saknar likevel dynamikken som ligg i uttrykket "*etter tida og tilhøva*" i den nye lovteksten. Vidare er me ueining i at vilkåret om at situasjonen må vera "*utenleg*" er teke ut.

Me meiner det må vera eit vilkår at eigedomane er eller vil bli utenlege etter tida og tilhøva, før ein kan gjennomføre endring ved bruk av jordskifteretten. Me rår til at dagens lov § 1 blir ført vidare i §3-2.

Dei sentrale vilkåra for jordskifte må framleis vera:

- om det er manglar ved dagens situasjon (tenleg/ utenleg).
- om eigedomstilhøva kan endrast til det betre med verkemiddel i kap. 3.
- om endring kan gjennomførast utan at nokon lid tap.

2.3 Fremmingsvedtaket.

Arbeidsgruppa foreslår å ta bort fremmingsvedtaket. Etter dagens lov har fremmingsvedtaket fleire verknader, m.a. litispensens og at sak ikkje lenger kan trekkast utan vidare.

Likevel er det slik at lovforslaget spreidd ut over nemner forhold som jordskifteretten skal vurdere og/eller føre inn i rettsboka. Her viser vi til:

1. § 3-4: Prøving av vilkåra i § 3-2 og § 3-3 ("ikkjetapsgarantien") under vegs i saka.
2. § 6-17: Sakleg og geografisk avgrensing.
3. § 6-9 siste ledd: Føre inn i rettsboka at realitetsbehandlinga har tatt til. (Denne viktige regelen kjem "brått på" og er "gøymd" til slutt i ein paragraf som eigentleg gjeld noko heilt anna, nemleg prøving av jordskiftekravet).

I sum er vel dette ikkje noko anna enn ei vidareføring av dagens fremmingsvedtak, berre at det ikkje får ei formell avgjerdsform. Men jordskifteretten må altså, på same måte som no, likevel prøve nytten av jordskiftet både samla og for kvar enkelt eigedom, påvise lovheimelen for skiftet, og avgrense jordskifteområdet.

Vi ser at dagens regel i jordskiftelova § 14 første ledd andre punktum om at det første jordskifteretten skal gjere er ta stilling til om saka skal fremmast, ikkje har ei heldig utforming. Ofte er det slik at å vurdere fremming ikkje er det første jordskifteretten kan gjere. Mange forhold vil først måtte avklarast, som t.d. tilskot til ymse tiltak, løyve frå forvaltninga osv. Vidare kan ofte kost/nytte-vurderingar krevje mykje arbeid både frå partane og frå jordskifteretten si side for å skaffe fram tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag. Dette betyr at fremmingsvedtak ikkje kan gjerast før grunnlaget er tilstrekkeleg opplyst, noko som i mange tilfelle medfører at fremmingsvedtaket kjem seint eller nesten til slutt i saka.

Når jordskifteretten etter forslaget likevel må prøve vilkåra for jordskifte, definere saka sakleg og geografisk og å tilføre rettsboka at realitetsbehandling har tatt til, bør poenget med å ta bort obligatorisk fremmingsvedtak i saker etter forslaget kap. 3 drøftast nøgnare. I drøftinga bør tidspunktet for fremming vere sentralt. Fremming bør først skje når grunnlaget er tilstrekkeleg opplyst.

Me meiner at den som kjem med eit rimeleg krav om endring/ jordskifte ikkje bør risikere store sakskostnader. Gjeld kravet noko jordskifteretten kan handsame, må dette kunne gjerast utan at motparten sine kostnader skal bli velta over på rekvirenten. Det må gjennom det vidare arbeidet med lova gjerast grep som sikrar dette, sentrale reglar vil her vera §6-19, §7-6 og §7-13.

Jordskifteretten får ved ny lov utvida kompetanse og jordskiftelova gjeld no over alt alltid. Me vil tru at dette vil redusera dei formelle motsegnene mot krav om jordskifte. Dersom ein går ut frå at alle ankesaker skal til same instans, lagmannsretten og i tillegg skjerpar hovudregelen om at jordskiftesaker ikkje kan ankast før dei er avslutta, vil me tru at saker som går ei ørkenvandring mellom instansane utan endeleg avgjerd vil bli redusert.

2.4 Tilhøve til tvistelova.

I den nå gjeldande jordskiftelova har vi i § 97 ei opplisting av kva for paragrafar i tvistelova som gjeld a) tilsvarende så langt dei høver, og b) slik det er vist til i jordskiftelova.

I forslaget til ny lov, er hovudreglane om forholdet til tvistelova gitt i § 6-1. Prinsippet i forslaget er at tvistelova gjeld så langt den høver, samtidig som det er oppgitt kva for reglar som ikkje gjeld i det heile tatt. Vi saknar og ein grundigare gjennomgang av konsekvensane av å spelvende tilvisingsprinsippet.

Me er i utgangspunktet samd i at reglane i tvistelova blir gjort gjeldande for saker i jordskifteretten. Me vil likevel peike på at det må vera forskjell på prosessen der tvist skal avgjerast og der det er endring/ jordskifte som blir handsama. Det viktige er at prinsippet om at partane skal ha fått høve til å uttala seg om endringane, gjennomsyrrer lova. Kontradiksjonsprinsippet må ikkje fråvikast, sjølv om jordskifteretten kan gå utover partane sine krav, jf. utkastet §3-4 siste ledd og §6-17 5.ledd.

Det er særskild viktig, særskild for sjølvprosederande partar, at jordskifteretten og i framtida skal kunne bygge sine avgjerder på dokumenta i saken, jfr. tvistelova § 11-1 2. ledd. Vert forslaget til § 16-15, 3. ledd vidareført, vil jordskifteretten måtte treffe sine avgjerder utelukkande på grunnlag av det som kjem fram under hovudforhandlinga. Vi håper og trur at dette ikkje er tilsikta, jfr. Ot.prp. nr. 74 (2005-2006), og Areal og eiendomsrett s. 565-566, artikkel av dr. juris Jens Edvin Skoghøy.

2.5 Ankeordninga.

Vi er samd i at det blir lagt opp til ei forenkla rettsmiddelordning, der lagmannsretten er ankeinstans for alle avgjerder tatt av jordskifteretten. Vi er ikkje samd i den samansettinga av lagmannsretten som er foreslått i høyringsutkastet. Vilåret må vere at ankeinstansen vert styrka med jordskiftekompetanse. Ved anke over jordskifteavgjerd, rettsfastsetjing og ved krav om overskjønn skal retten bli sett med ein jordskiftelagdommar. Me ser det som positivt at utkastet legg opp til at jordskiftelagdommaren også kan nyttast i andre saker der jordskiftekompetansen er nyttig, til dømes grensetvistar som i 1. instans har vore handsama i tingretten.

Vi er ikkje samd i at skjønnsprosesslova er foreslått gjort gjeldande for jordskifteavgjerder i lagmannsrett og Høgsterett. Jordskifteprosess er ein eigen prosess, og må framleis vere det.

Dersom ikkje vilkåret om at jordskiftelagdommaren skal nyttast i anke over jordskifteavgjerd, semjedom/ rettsfastsetjing og skjønn blir vedteke, er arbeidsgruppa sit alternativ 2 ei betre ordning.

2.6 Andre særlege merknader

2.6.1 Kapittelinnendinga.

Jordskiftedommarane i Gulating finn disponeringa/ delinga i kapittel god. Den gir ei oversiktleg lov, heilt ulikt dagens. Det er og gode, informative overskrifter for dei einskilde paragrafane.

Likevel er det, slik me ser det, brot i disponeringa einskilde stader. Mellom anna er ikkje absolutt alle reglar for saksbehandling lagt inn under kap. 6. Når overskriftene for paragrafane er gode og stort sett treffande, må det kvalitetssikrast at ikkje nokon regel blir gøymt under feil overskrift, me vil påpeike eit par stader der dette er tilfelle.

2.6.2 Omgrepsbruken

Språkbruken treng ein gjennomgang. Opplistingar i ulike paragrafer bør dessutan gjerast på einsarta måte, jf. t.d. bruk av komma/punktum i §§ 1-3 og 3-11. Vi likar heller ikkje bruken av og/eller til slutt i eit punkt, jf. t.d. § 1-3 punkt i, og § 3-4 punkt b. Om det likevel skal vere sånn, er her ein god del feil (manglande komma, manglande og/eller før siste ledd osv). Det bør vere meir einsarta ordbruk knytt til samisk reindrift (§§ 3-11 e, 4-1 d, 4-2 h, 6-4 andre ledd..).

Ord som bruksrett, tyngsler, negativ servitutt, servitutt, rett m.v. går litt om kvarandre og det kan sjå ut som om bruken kanskje ikkje er heilt gjennomtenkt og konsekvent - det bør ryddast opp. Me oppfattar tyngsler og rettar som vidare formuleringar enn servituttar. Mellom anna er det vanskeleg å definere "plikter" inn under servituttar. Dette må det arbeidast meir med og uttrykka bør kanskje og definerast i §1-3.

Arealverdiar er nytta i lovtæksten, men kva innhald det har går ikkje fram av korkje notatet eller lovtæksten.

Semjedom er innført som nytt omgrep, dette erstattar dagens rettsfastsetjande vedtak. For mange synest semjedom som eit brukande uttrykk, andre meiner dette blir ei sjølvmotseiing. Leddet "semje" syner til at det er semje om rettstilhøva, medan leddet "dom" viser til rettskraftverknadane. Vårt framlegg til endring blir "rettsfastsetjing". Mange av oss meiner dette er betre. Det seier noko om at rettane er slegne fast, det treng ikkje ha vore semje i forkant, men svært ofte har rettstilhøva vore usikre. Avgjerande er og at prosessen fram til ei rettsfastsetjing/ semjedom er ulik som for dom. Det er eigne reglar for saksbehandlinga for rettsfastsetjing. Me meiner leddet "dom" i semjedom peikar mot hovudforhandling og tvist, noko som ikkje er heldig.

2.6.3 Forliksråd og kartforretning.

Me støttar arbeidsgruppa sine vurderingar på sidene 95-97, om oppstart av jordskiftesaker i forliksråd og kartforretning. Kompleksiteten i mange

rettsutgreiingssaker og især jordskiftesaker eignar seg ikkje for handsaming i forliksrådet. I forliksrådet er det heller ikkje måleteknisk kompetanse, noko som gjer at forliksrådet ikkje er eigna i grensesaker.

På den andre sida, meiner me, at partane må stå fritt til å krevje saka inn for anten tingrett eller jordskifterett i etterkant av handsaming i forliksrådet, der kor jordskifteretten har kompetanse.

Kravet om kartforretning før krav om grensesak, vil vera eit fordyrande og forseinkande ledd for partane. Slik det er i dag har dei fleste grensesakene karakter av tvist. Der kor partane er reelt usikre på grensa blir rettsfastsetjande vedtak nytta. Jordskifteretten har verkemidla dom og rettsfastsetjande vedtak tilgjengelege, dette har ikkje styrar av kartforretning.

Hadde det vore slik at me i dag fekk mange grensesaker som like godt kunne vore gjennomført ved kartforretning, kunne me ha forstått synspunktet om at partane først skulle prøvd kartforretning. Det må like fullt vera eit mål at kurante grensesaker, klare, ikkje omtvista grenser blir merka og målt inn av kommunane. Dette må det takast omsyn til ved fastlegging av gebyrreglane for grensesaker, sjå våre merknad til kap. 7, vårt kap. 3.7.1.

2.6.4 Fjerning av krav i noverande lov §5, jfr. forslaget §3-15

Lovforslaget inneheld ikkje dei same vilkåra for sak etter § 3-15 som dagens § 5 inneheld for sak etter § 2 h. Vi er samd i at dagens krav om 2/3 fleirtal, jfr. § 5, 2. ledd, blir fjerna.

Vi er på den andre sida sær oppteken av at sak etter § 3-15 ikkje skal kunne gjennomførast utan at det i planen er innteke vilkår om at verdiane skal fordelast av jordskifteretten. Med tanke på at det i dag er politikarane som gjennom planvedtak fordelar arealverdiar, saknar vi ei drøfting av konsekvensane av at vilkåra i § 5 i dagens lov blir fjerna.

Gjennomføring av sak etter forslaget § 3-15, jf. §3-20, utan tilhøyrande vilkår om fordeling i planen, kan minne om oreigning. Men medan eit oreigningsskjønn blir gjennomført på bakgrunn av eit oreigningsvedtak, vil ei sak etter § 3-15 bli gjennomført direkte på bakgrunn av ein lovregel. Vi stiller oss tvilande til at det er rett å innføre ei slik moglegheit.

2.6.5 Mellombels ordning også i rettsutgreiing og grensesaker.

I dagens lov §23 og i utkastet §3-30 2. ledd bokstav a) kan jordskifteretten gi reglar om bruken frå saka er kravd og fram til saka er avslutta. Slik desse reglane er utforma gjeld dei berre for jordskiftesaker. Me meiner det er naudsynt å ha dette verkemiddelet også i rettsutgreiing og grensesaker. Som døme kan nemnast tvist om vegrett. I fleire tilfelle har krav om rettsutgreiing om vegrett kome etter at den eine parten fysisk har stengd vegen. I slike tilfelle bør jordskifteretten kunne gi reglar om bruken fram til tvisten er avklart, eventuelt og skjønn avheimla. Jordskifteretten har den naudsynte saklege kompetansen. Alternativt må partane setje fram krav om mellombels forføyning hjå tingretten om same tvistegenstand.

2.6.6 Generelt om tilhøvet til samisk reindrift:

I ymse paragrafar går det fram at regelen ikkje gjeld eller på visse vilkår gjeld for i tilhøvet til samisk reindrift. Vi vil foreslå at tilhøvet til reindriffta vert samla i ein paragraf slik at det vert lett å finne fram til kva som gjeld og ikkje gjeld.

Det er lite reindrift i Gulating, så engasjementet omkring denne er lita. Me stiller likevel spørsmål om kvifor reindriffta skal vera avskoren frå å nytte jordskifte. For oss tykkjest dette som usakleg forskjellsbehandling. Særskilt sidan jordskifteretten kan ordne tilhøva mellom reindriffta og andre.

3. Merknader til dei einskilde kapitla.

3.1 Merknader til kapittel 1. Formålet med lova, virkeområde og nokre definisjonar.

3.1.1 Kommentar til dei einskilde paragrafane.

§ 1-1

Jordskiftelova bør ha ein formålsparagraf.

Formåla og prinsippa for jordskifteprosessen bør i utgangspunktet vere dei same som etter tvisteloven. Det må likevel bli gjort særskilde tilpassingar som følgje av at jordskifteretten har avgrensa oppgåver, og at det ikkje er ein føresetnad for ei sak at det er tvist mellom partane.

Utkast til formålsparagraf er for lite tydeleg, stryk "mellom anna" i 1. ledd

1.punktum. Heile 2. ledd, kan kanskje og strykast, innhaldet her er dekkja opp i §6-1.

§ 1-2

Ingen merknad

§ 1-3

Bra med definisjonar, men bør kanskje utvidast. Tyngsler, negative servituttar osv..

Vi likar dei nye orda, bortsett frå semjedom som vi ser på som sjølvmotseiande.

b) og c)

b) og c) bør byta plass for å halda på same rekkjefylgje som i kap 4 (§ 4-1 er rettsutgreiing og § 4-2 er grensesak). Det same gjeld i § 6-1 der " ... *grensesak eller rettsutgreiing* ... " bør byta plass.

f)

Ordet problem er også nytta i §§ 3-1, 3-19, 6-8 og 6-17. Ordet bør ikkje nyttast i lovtekst og bør strykast eller finna andre skrivemåtar for å uttrykkja det ein meiner.

g)

Ordet *endelege* må bytast ut med ordet *avsluttande*

h)

Ordet *semjedom* synes for nokre som sjølvmotseiande. Det enkle ordet *semje* hadde vore betre, som bøndene i Suldal kommune nyttar om utskiftingar og jordskifte. Semje fell likevel ikkje i smak hjå alle. Til slutt har me enda opp med ordet *rettsfastsetjing*. Det innheld både kva som skjer- at rettar blir slegne fast/ avklara og ei vidareføring av det innarbeide omgrepet *rettsfastsetjande vedtak*.

3.2 Merknader til kapittel 2 Jordskifterettane.

3.2.1 Hovudmerknader til kapittelet.

Me meiner det ville vore ein stor føremon å ha eit meddommarutval for skjønn og jordskifte. Ei slik endring ville forenkla kapittelet her monaleg.

3.2.2 Kommentar til dei einskilde paragrafane.

§ 2-1

Ingen merknad

§ 2-2

Ingen merknad utover at me meiner tilkalla jordskiftedommarar som hovudregel bør kome frå same dømme som den jordskifteretten som tilkallar ligg i. Jfr. dersom lagmannsretten får oppgåva, - innan lagdømet.

§ 2-3

Ordet *bli tilsett* bør bytast ut med ordet *tilsetjast*. Tykkjer setninga i 2. ledd 2. punktum verkar krunglete. Ordet "**likevel**" bør ut.. Teksten blir då slik: "....., må fullmektigen ha særskilt fullmakt for å leie rettsmøte eller avseie dom."

§ 2-4

Det er vel rettare å nytte ordet *Utnemnde* i staden for tilsette i 1. ledd. Jordskiftedommarane blir utnemnde etter dl.§ 55. Krava til utdanning må vera fastsett før tilsetjing, - ikkje bli fastsette. Positivt at utdanninga for dommarar ikkje er knytt til eit utvald universitet.

§ 2-5

Ingen merknad

§ 2-6

Me har to typar "anna personale", nemleg teknisk og kontoradministrativt. Det tekniske personale må nemnast og det administrative kan nemnast i paragrafen. Det er bra og naudsynt å lovfesta at jordskiftedomstolane skal ha teknisk personale.

§ 2-7

Me meiner det bør vera eit utval for både skjønn og jordskifte, jf. vårt kap. 3.2.1.

§ 2-8

Fornuftig at hovudregelen er einedommar.

§ 2-9 og § 2-10

Sjå merknad til §2-7.

§ 2-11

Forsikringa i domstollova er mykje retta mot dom og straff, og høver dårleg med pliktene til jordskiftedommaren. Vårt forslag vil vera å syne til skjønnsprosesslova §20, eller å vidareføra dagens jskl. §11.

3.3 Merknader til kapittel 3 Jordskifte.

3.3.1 Generelt.

Me viser til våre merknader i vårt kap. 2.2 om vilkår for jordskifte.

Overskrifta i underkapittel I bør endrast til berre *Vilkår*. Overskrifta i romertal III høver og dårleg med innhaldet.

3.3.2 Kommenterar til dei einskilde paragrafar

§ 3-1

Ordet problem kan takast ut. Og siste ledd kan og takast ut.

§ 3-2

Vi stiller spørsmål ved om denne paragrafen er nødvendig. Det er § 3-3 som er den sentrale "ikkje-tapsgaranti"-regelen, som og er vidareføringa av dagens § 3 bokstav a.

Vårt forslag er å endre § 3-2 til ein regel om utenlege tilhøve som eit av vilkåra for å halde jordskifte. Td kan § 1 i gjeldande lov først vidare under denne §.

§ 3-3

Ingen merknader til 1. ledd. Saknar ei vidare drøfting av "sin del" i 2. ledd.

§ 3-4

Første ledd er ikkje uproblematisk. Vi er redd for at denne lovregelen blir vanskeleg å praktisere og at han kan gi grunnlag for mykje prosess, f.eks. der ein eller fleire partar stadig vekk under saksløpet ber retten vurdere nytten opp mot førebelse jordskifteløysingar.

Vi er for så vidt ikkje ueining i at vilkåra i § 3-2 og § 3-3 bør prøvast tidleg i saka for å luke bort jordskiftekrav som openbert ikkje gir nytte. Det er for så vidt også greitt at det går fram av lova at jordskifteretten ikkje skal arbeide vidare med ei sak dersom det "under vegs i eit jordskifte" blir klart at vilkåra for jordskifte ikkje kan bli oppfylt.

Av omsyn til partane sin rettstryggleik meiner vi at nyttevurderinga må gjerast opp mot sluttresultatet i saka. Sluttresultatet og ei "førebels vurdering av jordskifteløysing" treng ikkje vere samanfallande.

Etter vårt syn bør § 3-4 første ledd i forslaget ikkje vidareførast.

2. ledd kan med fordel takast ut. Ei slik uttømande opplisting av sjølvsgatte ting er ikkje heldig.

Siste ledd siste punktum bør takast ut. Det er så innlysande at retten skal gjere egne vurderingar at det ikkje treng spesifiserast i lova, sjå t.d. forslaget § 1-1 andre ledd ("rettargang for uavhengige og upartiske jordskiftedomstolar").

§ 3-5

Siste ledd bør mjukast opp. Bruken av eigedomar kan endre seg vesentleg i løpet av 10 år. Når endringane er vesentlege, bør det vere høve til ta opp att jordskifte før 10-årsfristen er omme.

§ 3-6

Ingen spesielle merknader, men vi stiller oss tvilande til at "tyngsler" er eit meir alminneleg uttrykk enn negative servituttar, og ikkje oppfattar vi uttrykka som synonyme heller. Negative servituttar har sin spesifikke definisjon, medan tyngsler har ei vidare tyding og kan inkludere t.d. grunnbyrder, gjerdeplikt, vedlikehaldsplikter m.m. Omgrepsbruken generelt i lova i forhold til særlege råderettar over framand eigedom bør avklarast, jf. uttrykk som bruksrett, tyngsler, servituttar og negative servituttar. Det er viktig med definerte og eintydige omgrep og at ein ikkje skiftar mellom omgrep når ein meiner det same.

§ 3-7

Vi er i utgangspunktet positive til at det vert opna for å innføre oppretting av sameige som nytt jordskiftevirkemiddel. Oppretting av nye sameige bør etter vårt syn likevel avgrensast til dei tilfella der det trengst areal til særlege føremål og som best let seg gjennomføre i form av oppretting av sameige. Å gjere om eineiagd grunn til sameige grunn vil i mange tilfelle verte rekna som eit stort inngrep i den private eigedomsretten. Frå å ha herredøme over eigen eigedom sjølv, vert eigedomen eller deler av han innlemma i ein eigedom som heretter vert forvalta av ei sameige.

Etter vårt syn er ikkje ikkje-tapsgarantiregelen i utkastet § 3-3 åleine tilstrekkeleg til å ivareta ein part som risikerer å "avstå" areal til ei sameige sine interesser. Vi meiner at det i tillegg bør føreligge "særlege grunnar" for å opprette nye sameige. Den rettslege standarden "særlege grunnar" er kjent i jordskiftesamanheng i dagens § 2 bokstav c nr. 2.

Me ser ikkje for oss at oppretting av sameiger vil bli ein hyppig sakstype for jordskifteretten. I summe tilfelle vil det likevel vera nyttig. Som døme kan nemnast, restareal ved utbygging og der fleire bønder i fellesskap har kjøpt ein utmarkseigedom, og ynskjer denne formalisert som realsameige.

§ 3-8

Ingen merknader, med unntak av bruken av omgrepet tyngsler, jf merknad til § 3-6.

§ 3-9

Vi ser positivt på at jordskifteretten sin kompetanse vert utvida. Dagens avgrensing i § 36 er ikkje heldig og skaper i enkelte situasjonar problem.

Tidsavgrensa og personlege servituttar skaper i mange tilfelle like store hindringar for gode løysingar som alltidvarande bruksrettar. Vi er såleis einig i den generalisering som arbeidsgruppa foreslår.

I første ledd har vi visse problem med å sjå grunnlaget for at formuleringa ”under dette positive servituttar” er teke med. Dei fleste bruksrettar er nettopp ”positive servituttar”, og slik sett må presiseringa vere unødvendig. Om det derimot hadde stått ”under dette *personlege* servituttar”, ville det kanskje vore ei meining med det i og med at avløyning av personlege servituttar i dag ligg utanfor jordskifteretten sin kompetanse og formuleringa såleis vil peike på den kompetanseutvidinga som er foreslått innført. Men samstundes fell personlege servituttar inn under første delen av den setninga som utgjer første ledd. Såleis kan andre delen av setninga sløyfast, og det kan då heller presiserast i førearbeida at den generelle formuleringa også omfattar personlege servituttar.

§ 3-10

Vi er positive til den utvida heimelen som her er foreslått. Vi ser at Landbruks- og Matdepartementet i høyringsbrevet går inn for at reglane om avskipping og omskiping fortsatt skal stå i servituttlova, sjølv om ein gjer dette til jordskiftevirkemiddel slik som lovforslaget legg opp til. Dersom LMD sitt forslag om dette vert det endelege, vil vi foreslå ein tilvisingsparagraf i ny jordskiftelov, ev. krysstilvising både i jordskiftelova og servituttlova, slik at det går tydeleg fram også av jordskiftelova at av- og omskiping er eit jordskiftevirkemiddel. Det vil vere uheldig om eit jordskiftevirkemiddel ikkje går fram av jordskiftelova, men må leitast fram i ei anna lov.

§ 3-11

Første ledd bokstav a og b dekker alle område i landet. Når summen av to ulike reglar gir slikt resultat, bør det vurderast å skrive dei saman til ein regel. Vi meiner imidlertid at forslaget om å ta bort vilkåret ”særlege grunnar” som ligg inne i dagens jordskiftelov § 2 bokstav c nr. 2 bør vurderast på nytt.

Dagens jordskiftelov § 2 bokstav c nr. 2 lyder slik:

”Jordskifte kan gå ut på å gi reglar om bruken i område der det ikkje er sambruk mellom eigedomar, når jordskifteretten finn at det føreligg særlege grunnar.”

Vi meiner at ”særlege grunnar” bør vidareførast i ny lov, og vi viser i så måte til vår uttale til forslaget § 3-7. Etter vårt syn bør det vere meir enn alminnelege grunnar til å tvinge eineigde eigedomar inn i eit bruksfellesskap med andre.

Vi stiller spørsmål om første ledd bokstav c og d er nødvendige å vidareføre. Langt på veg tilsvarande reglar har stått i dagens lov nokre år no, jf. § 2 bokstav c nr. 4, og vi er ikkje kjende med at det har vorte gjennomført saker med bakgrunn i denne heimelen. Har det då noko for seg å vidareføre regelverket? I det heile bør det kunne stillast spørsmål ved om bruksordning i personlege sameige er noko som jordskiftedomstolane skal bruke ressursar på. Dette bør partane i utgangspunktet ha ansvaret for å ordne opp i sjølv. Men dersom dette fortsatt skal vere ein sakstype i jordskiftelova, bør regelen mjukast opp og gjerast meir generell til å gjelde all utmark og kanskje også innmark. Lat oss seie at det skulle vere behov for å ordne jakta i ei

personleg sameige. Jakt på storvilt kan føregå både på innmark og i utmark. Jordskifteretten kan då ordne bruken berre for deler av arealet (personleg sameige over barskoggrensa, ev. utmark) og ei heilskapleg løysing er utanfor rekkevidde.

Vi er samde i at personlege sameige i reine bustad- eller fritidseigedomar ikkje bør vere gjenstand for bruksordning etter jordskiftelova.

Elles undrar vi oss over at bruksordningsparagrafen er plassert mellom to paragrafar som gjeld negative servituttar. Dette bør redigerast annleis og følgje ei meir logisk lovteknisk oppbygging.

§ 3-12

Ingen andre merknader enn at denne paragrafen bør stå rett etter § 3-10.

§ 3-13

Tredje ledd er tilleggsvilkår ut over § 3-2 og § 3-3. Vi kan ikkje sjå at desse tilleggsvilkåra bortsett frå siste punktum har noko for seg. Tredje ledd, med unntak av siste punktum, bør gå ut.

Femte ledd siste punktum er ny og nyttig. Dagens lov har vore mangelfull på dette området, noko vi spesielt har sett i samband med fallrettssaker. Men bør det i tillegg opnast for at jordskifteretten kan fastsette vederlaget og ikkje berre fastsett korleis vederlaget skal fastsettast? I mange høve er partane ute etter nettopp å få fastsett vederlaget.

Vi saknar ein setning om at kostnadane skal delast på partane etter den enkelte part sin nytte, som er ei vidareføring av dagens regel.

Elles ingen merknader.

§ 3-14

Første ledd bør omskrivast. Ordet "kan" gir inntrykk av at jordskifteretten kan velge om lag skal etablerast eller ikkje. Det viktige er imidlertid at når det er nødvendig, skal jordskifteretten etablere lag. Vi foreslår følgjande formulering: "Jordskifteretten skal etablere nødvendig lag osv. ...", ev. "Jordskifteretten etablerer nødvendige lag og gir vedtekter osv...."

Den paragrafen vil i mange samanhengar vere knytt direkte til sams tiltak og bruksordning og bør følgje rett etter dei to paragrafane som omhandlar desse sakstypene.

§ 3-15

Me viser til generelle merknader i kap. 2.6.4.

"I byggeområde" i overskriften på tas ut, da dette er villedende.

For å forhindre at jordskifteretten blir et politisk organ, ønsker vi at det skal være et klart vilkår i loven om at slik fordeling etter § 3-15 bare kan gjennomføres av jordskifteretten dersom det er satt vilkår om slik fordeling i planen.

Justert forslag til lovetekst:

*§ 3-15 Fordeling av planskapte arealverdier og kostnader ved fellestiltak
Jordskifteretten kan fordele planskapte arealverdier og kostnader ved ulike felles tiltak i og for område for bebyggelse og anlegg etter § 11-7 nr. 1 og § 12-5 nr. 1 i plan- og bygningsloven, dersom det er satt vilkår om slik fordeling i planen, jfr. pbl § 12-7 nr. 13.*

§ 3-16

Ingen merknad utover at det er unødvendig å visa til avgjerdsform. Dette gjeld også § 3-17.

§ 3-17

Vi er usikre på om andre ledd er godt utforma. Vi meiner at verdsetting ut frå aktuell verdi gir det sikraste resultatet og såleis må vere det primære utgangspunktet. Pårekeleg verdi, ikkje potensiell verdi som kan vere så mangt, bør vere ein unntaksregel som kan brukast i særlege høve når retten finn at det gir eit betre resultat. Bakgrunnen for at pårekeleg verdi bør vere ein unntaksregel er at ein slik verdi i mange tilfelle vil ha ei større uvisse knytt til seg enn aktuell verdi. Uttrykket "potensiell verdi" bør ikkje brukast. Det kan, i alle fall frå partane si side, lett knytast opp mot "hypotetisk verdi". Vi viser elles til at nemninga "pårekeleg" er nytta i forslaget § 3-24 første ledd.

Generelt tykkjer me eit så viktig tema som verdsetjing har fått liten plass i notatet. Anten må det gjerast eit mykje grundigare arbeid her, eller så må jordskifteretten stå fritt til å velje korleis det skal verdsetjast. Korleis det er rettast å verdsetje kan variere mykje frå saktype til sakstype.

§ 3-18

1. ledd må skrivast om, det er den verdi partane rår over innan skiftefeltet si geografiske og saklege avgrensing som dannar grunnlaget.

§ 3-15 inngår både i første og tredje ledd. Vi oppfattar tredje ledd som ein verdsettingsregel heller enn ein skiftegrunnlagsregel, og regelen bør då kanskje stå i § 3-17. Forslagets tredje ledd fortel korleis ein skal kome fram til jordskiftegrunnlaget i § 3-15-saker, altså at jordskifteområdet skal verdsettast ut frå eigenskapane til utbyggingsføremål, jf. potensiell verdi (eller aller helst pårekeleg verdi) i § 3-17 andre ledd.

§ 3-19

Dagens § 17a andre ledd har vist seg som nyttig. Etter vårt syn bør ordlyden i § 17a andre ledd så langt råd er vidareførast i si noverande form. Det kan godt takast inn eit tillegg som opnar for skriftleg behandling dersom partane er samde om det. Skriftleg behandling er mykje brukt også i dag.

Nokre av bestemmelsane i forslaget er openbert unødvendige, for eksempel andre ledd siste punktum (følgjer av forslaget § 3-14) og fjerde ledd (det kontradiktoriske prinsipp).

Tredje ledd siste punktum bør utformast slik at når offentlig løyve er ein føresetnad for gjennomføring av jordskifteløysing, så skal løyve føreliggje før jordskifteavgjerd kan takast.

§ 3-20

2. ledd er unødvendig detaljstyring.

§ 3-21

Første og andre ledd ingen merknader.

Vi ser fordeler med at det vert opna opp for utvida bruk av pengar. Men vi er i tvil om det bør opnast opp i så stor grad at panthavarar må takast inn i saka. Panthavarane må vel då gjevast ei formell rolle i saka. Korleis skal i tilfelle det løysast ?

§ 3-22

Me meiner denne regelen gir unødig detaljstyring, skal den stå må ”..under føresetnad av at..” strykast.

§ 3-23

God regel.

§ 3-24

Første og andre ledd ingen merknader.

Tredje og fjerde ledd kan med fordel takast ut. § 3-3 styrer dette slik at ingen av partane lir tap. Begge desse ledda gir unødvendig detaljstyring av jordskifteretten sin kompetanse.

Spesielt fjerde ledd kan skape unødvendig prosess, både spørsmålet om ”meirulemper” og om ”skilnaden har noko avgjerande å seie for eigedomens hans” kan lett bli prosedert sjølv om vilkåret i forslaget § 3-3 er oppfylt.

§ 3-25

Ingen merknader.

§ 3-26

Første og andre ledd ok.

Tredje ledd bør gå ut. Å medverke til kjøp og sal av eigedomar bør ligge utanfor jordskiftedomstolane sitt kompetanseområde.

§ 3-27

Dette er vel ein unødvendig regel, det paragrafen regulerer skal jo uansett vere ein del av jordskifteløysinga.

§ 3-28

Første ledd bør vise til reglane om gjerdeplikt og gjerdedeling i gjerdelova, slik at det går tydeleg fram av lovteksten at jordskifteretten ikkje kan utøve ”fritt skjøn”, sjå t.d. dagens lov § 52 tredje ledd første punktum.

Elles ingen merknader.

§ 3-29

Ingen merknader.

§ 3-30

Vi meiner det kan vere hensiktsmessig også i rettsfastsettande saker å gi mellombelse bruksreglar fram til tvisten vert avklart". Typisk vil vere grensegang eller rettsutgreiing for private vegar, der til dømes ein av partane har sett opp sperring. Etter vårt syn har jordskifteretten god kompetanse på å lage praktiske reglar fram til dom i saka er rettskraftig avgjort. Vi trur også det vil vere lettare for partane å halde seg til berre ein rettsinnstans når slike problem dukkar opp. Om slik mellombels ordning høyrer inn under § 3-30 er vi litt usikre på, men vår intensjon er få denne oppgåva med i lovteksten.

Vi stiller spørsmål om andre ledd bokstav c er nødvendig når det vel er det same går fram i § 3-26.

3.4. Merknader til Kap. 4. Rettsutgreiingssak og grensesak.

3.4.1 Generelt

Kapitlet er oversiktleg bygd opp. "Rettsutgreiing" og "Grensesak" er greie nemningar.

3.4.2 Kommenterar til dei einskilde paragrafar

§ 4-1. Greitt at noverande presisering "særskilt sak", er teke bort. Dette må vere klårt nok når det er eit *eige kapitel* om rettsutgreiing og grensesak.

Greitt at vilkåret om "rasjonell bruk" er teke bort, og dermed også rettsmiddelhøvet knytt til vilkåret.

Kompetanseutvidinga er fornuftig. Viktig å få presisert at rettsutgr. kan krevjast der det er *uklart om det er sambruk* (§ 4-1.b). Dette er jo t.d. hovudspørsmålet i dei fleste fallrettssakene.

Logisk å likestille kravkompetansen for grunneigar og den som meiner å ha bruksrett.

Kvifor skal kompetansen avgrensast til *sameige*? Det hadde vore meir naturleg at jsr har heimel til å avklare i eiga sak d.s. som vi kan gjere under eit jordskifte, jf. § 3-16, fyrste ledd.

T.d. burde jsr ha heimel til å ta avgjerd om eigedomsrett til ein særeigeteig også i dei

tilfella der grensesak ikkje kan nyttast som verkemiddel, dvs. uavhengig av om begge/alle dei aktuelle eigedomane ligg innåt det aktuelle jordstykke. Både grensesak og rettsutgreiingssak kan i realiteten vere tvist/uvisse om *eigedomsrett*.

§ 4-1.c skjønar vi ikkje meininga med, då heimelen til rettsutgr. i sameige, ligg i § 4-1 a. Dersom det er meint at punkt c er ein heimel for jsr. til å *registrere* eit sameige i samband rettsutgr. i eit uregistrert sameige, kan det ikkje stå som eit bokstavpunkt (registrering er ikkje rettsutgr.), men må utformast/plasserast annleis. Det hadde kanskje vore naturleg at registreringsheimelen låg direkte i § 14 i matrikkellova, eller i forskrift til § 14. Er det elles tenkt at slik registrering *skal* gjerast, eller *kan* gjerast ved rettsutgr. i ureg. sameige? (jf. nytt fjerde ledd i jsk.lova § 58 i sbm. innføring av matrikkellova)

§ 4-2. Opplistinga i 1. ledd er uttømande, det er og linka opp til matrikkellova 5 stader. Me er usikre på dette er romsleg nok. Endringar i matrikkellova kan få uttilsikta verknad for jordskiftelova. Som arbeidsgruppa og har drøfta, vil me peike på at jordskifteretten ikkje må vera bunden av systemet i matrikkellova. Her kan nemnast fastsetjing av ikkje formaliserte rettar, så som ved hevd eller alders tids bruk.

Det kan diskuterast om jsr bør bruke tid på saker som i § 4-2 g. Vi meiner denne heimelen bør oppretthaldast, m.a. fordi vi ser at det i slike saker ofte er trong for å justere/tilpasse grenser i forhold til eigedomsgrenser, veger m.m., og at jsr her har best kompetanse. Men slike saker bør ha låg prioritet. Bortsett frå dei store verneområda, kan slike saker nyttast som utfyllande teknisk arbeid.

Arbeidet med å merke vernegrenser har kravd store resursar hjå jordskiftedomstolen. I mange saker har dette vore reine merkesaker som like godt kunne vore utført av private oppmålingsfirma. Det er svært uheldig om jordskifteretten blir oppfatta som eit gjennomføringsorgan for verneinteressene. Det er vår erfaring at representanten frå Fylkesmannen har meint at han kan instruera jordskifteretten om kvar og korleis det skal merkast.

Eit anna spørsmål her er om jsr burde ha heimel til å halde erstatningsskjønn for verneområde som eiga sak, tilsvarande som for vegar (§ 5-3), utanom tilfella med avtaleskjønn. Vi meiner gode grunnar talar for det.

§ 4-3. Greitt at grensejustering blir avgrensa etter reglane i matrikkellova. Vi tiltrer arbeidsgruppa si grunngrjeving.

§ 4-4. Bruk av "o.a." i overskrifta likar vi ikkje (diffust). Forslag: "*Reglar for rettsfastsetjing*".

Pålegget om å utarbeide eit utkast, inneber at partane får ei områdings-/modningstid. Det blir såleis ei meir tidkrevjande handsaming enn ved domsavseiing. Dette er likevel rimeleg, jf. arbeidsgruppa si grunngrjeving på side 176.

Vi meiner også det er greitt å ha same reglar for sakshandsaminga når avgjerda byggjer på semje mellom partane og når det berre er uvisse.

På side 176 i høyringsnotatet står det at utkastet skal *forkynnast*, men dette går ikkje

fram i lovteksten i § 4-4.

Sidan § 4-4 er ein sakshandsamingsregel bør det vera ei tilsvising til § 4-4 i kap. 6, tilsvarande det som står om skjønn i § 6-2.

§ 4-5. Det er ikkje naturleg at jsr *skal* utføre slike omfattande og reine merkings-/kartfestingsoppgåver. At jsr er pålagt slike oppgåver i dag, er i seg sjølv ikkje noko argument for at vi skal halde fram med dette. Jsar har jo ikkje tilsv. oppgåve for grenseavgjerder i dei ordinære domstolane. Jsar si ”multikompetanse” tilseier for øvrig at jsr burde ha *alle* grensesaker i 1. instans.

3.5. Merknader til Kap. 5. Skjønn.

3.5.1 Generelt

Arbeidsgruppa har gjort et grundig arbeid ved utformingen av eget skjønnskapittel i jordskifteloven. Vi ser det som en stor fordel at bestemmelser knyttet til jordskifterettens skjønnskompetanse samles i et eget kapittel. Vi er i hovedsak enig med arbeidsgruppas forslag, men vil foreslå enkelte endringer.

Først og fremst mener vi systematikken og angivelsen av kravkompetanse i kapittel 5 med fordel kunne vært annerledes.

Avtaleskjønn er inntatt i utkastets § 5-1. For et utrent øye, kan dette leses som en formålsbestemmelse for alle skjønn som jordskifteretten skal holde. En slik forståelse vil da lede til at jordskifteretten bare kan holde skjønn dersom partene er enige om det. Dette er selvsagt ikke tilfellet. Ved å flytte denne bestemmelsen lenger bak, vil en kanskje kunne begrense en slik mulig misforståelse. I tillegg vil man kanskje kunne oppnå en mer saklig avgrensning. Slik den er plassert, og med den ordlyden som er foreslått i andre ledd, vil en kunne lese at jordskifteretten skal kunne holde skjønn i alle tenkelige forhold, bare partene er enige om det. Dette er neppe tilsiktet.

Videre er det ulik systematikk knyttet til de ulike skjønn som jordskifteretten kan holde:

1. For skjønn etter vegloven kap. VII framgår jordskifterettens kompetanse *både* av jordskifteloven *og* vegloven.
2. For skjønn etter lov om taugbaner og løpenstrenger framgår jordskifterettens kompetanse av jordskifteloven, *men ikke av* lov om taugbaner og løpenstrenger
3. For skjønn etter grannegjerdeloven (som av en eller annen uviss grunn ikke skal hete skjønn) og beiteloven framgår jordskifterettens kompetanse *ikke av* jordskifteloven, *men av* henholdsvis grannegjerdeloven og beiteloven.

Dette viderefører dagens noe rotete ordning med å angi jordskifterettens kompetanse i skjønsspørsmål. Etter vår mening vil det ryddigste være at det i jordskifteloven kun er en henvisning til særlovene (jf. vårt forslag til ny § 5-1), og at en nærmere beskrivelse av kompetansen inntas i særlovene.

I tillegg er det ulikheter i hvem som kan kreve ulike typer skjønn. Hvorfor det skal være enighet om at jordskifteretten skal behandle spørsmål om gjerdeholdstvang og gjerdeholdsdeling er for oss helt uforståelig. Særlig gjelder dette når endringen i grannegjerdelova gjør at det bare er jordskifteretten som kan behandle slike spørsmål.

Vi foreslår en ny § 5-1 som kan lyde omtrentlig slik:

Jordskifteretten held skjønn i samband med jordskifte eller som eiga sak etter desse lovene:

- a) *lov 14. juni 1912 nr. 1 om anlæg av taugbaner og løipestrenger mv. § 8,*
- b) *lov 5. mai 1961 om grannegjerde,*
- c) *lov 16. juni 1961 om ymse beitespørsmål §§ 7 og 9,*
- d) *lov 21. juni 1963 nr 23 Veglov kap. VII,*

og eventuelt:

- e) *lov 29. november 1968 om særlege råderettar over framand eigedom §§ 5-7 og 13.*

I tillegg til vårt forslag til ny § 5-1, foreslår vi at de øvrige bestemmelsene i kapittel 5 systematiseres slik:

- § 5-2 Som utkastets § 5-4 (kanaler, grøfter etc.)
- § 5-3 Som utkastet § 5-2 (tiltaks- og vernejordskifte)
- § 5-5 Som utkastets § 5-1 (avtaleskjønn)
- § 5-6 Som utkastet
- § 5-7 Som utkastet.

Vi foreslår videre at det inntas en bestemmelse i lov 14. juni 1912 nr. 1 om anlæg av taugbaner og løipestrenger mv. § 16 om jordskifterettens kompetanse.

I tillegg bør det inn en henvisning til jordskiftelovens § 5-3 (vårt forslag § 5-2) i vannressursloven § 14.

Av generelle merknader for øvrig viser vi for det første til at dagens avgrensning i stedlig kompetanse i skjønnsaker er vurdert av arbeidsgruppa. Vi er fullt ut enig i at det ikke lenger er grunnlag for stedlig kompetanseavgrensning. Samtidig deler vi arbeidsgruppas betraktninger om naturskadeskjønn.

Arbeidsgruppa foreslår at skjønn etter veglova kapittel VII legges til jordskifteretten alene. Arbeidsgruppa mener jordskifteretten har kompetansen som skal til, samt at endringen vil forenkle regelverket. Vi er fullt ut enig med arbeidsgruppas forslag og begrunnelse.

Skjønn etter servituttlova foreslås også lagt til jordskifteretten alene, men ved at aktuelle bestemmelser inntas i jordskifteloven. Reglene i servituttlovens §§ 5 til 8 foreslås oppheva. Arbeidsgruppa legger til grunn at skjønn etter dagens servituttlov "klart liknar på det arbeid jordskifteretten elles gjer". Vi er enig i at det først og fremst er jordskiftedomstolene som har kompetanse til å holde skjønn etter servituttloven og at slike skjønn kan legges til jordskifteretten alene. I utgangspunktet ser vi det som fornuftig at skjønnsbestemmelsene i servituttloven flyttes til jordskifteloven, men er likevel skeptiske til denne flyttingen. Skjønn etter servituttloven skiller seg klart fra

den behandlingen tilsvarende saker vil få etter jordskiftelovens regler. Forskjellen er først og fremst knyttet til vurderinger av fremme. Den ikketapsgarantien som skal være ivaretatt etter jordskiftelovens regler gjelder ikke for skjønn som fremmes etter servituttløvens §§ 6 og 7. Omskiping og avskiping etter servituttløven kan gjennomføres ”jamvel om den nye skipnaden ikkje vert likså god for motparten som den tidlegare”. Etter jordskiftelovens regler (§ 3-3 i ny lov) vil det ikke være mulig å fremme slike skjønn. Den endringen arbeidsgruppa foreslår vil derfor etter vårt syn medføre en endring av dagens mulighet for servituttskjønn, noe som vil gå ut over rettssikkerheten til partene.

Arbeidsgruppa påpeker nødvendigheten av å ha så smidige behandlingsmåter som mulig i kombinerte saker, saker der jordskifte og skjønn holdes samtidig. Av prosessøkonomiske grunner er vi enig i at det i slike saker er spesielt viktig med smidige bestemmelser. Vi vil i den sammenheng påpeke en problemstilling som absolutt burde vært løst ved denne lovrevisjonen. De kombinerte sakene det antakelig er størst nytte knyttet til, er saker hvor utbygger (normalt Statens vegvesen) har eiendom som kan tilbys som erstatningsjord i stedet for pengevederlag. Ikke sjelden vil utbygger tilby mer jord enn det som medgår som erstatningsjord. Overskytende areal blir tilbudt som tilleggsjord. Overdragelse av denne tilleggsjorda er i dag underlagt konsesjonsplikt, det jordskiftet som gjennomføres (skifteplanen) vil følgelig være avhengig av godkjenning fra forvaltningsmyndighetene. Denne bindingen mot forvaltningen er svært uheldig og medfører en svært lite smidig behandlingsmåte. Vi kan ikke se at arbeidsgruppa har tatt høyde for å løse denne problemstillingen. Vårt forslag er at kombinerte saker, hvor det er aktuelt med erstatnings- og tilleggsjord, unntas fra vanlig konsesjonsbehandling.

3.5.2 Merknader til dei einskilde paragrafane.

Til enkeltparagrafer i kapittel 5 vil vi bemerke følgende:

§ 5-1: Vi har innledningsvis foreslått at denne paragrafen flyttes.

§ 5-2: Denne paragrafen er en videreføring av dagens bestemmelse. Paragrafen har etter vårt syn fått en god utforming.

§ 5-3: For fremming av veg- og taubaneskjønn i samband med jordskiftesaker, legger bestemmelsen opp til at det ikke lenger skal stilles vilkår om nødvendighet i forhold til det selve jordskiftesaken gjelder. Denne endringen er vi svært skeptiske til. Endringen vil gjøre det vanskelig å tilskjære sakene. I verste fall må jordskifteretten legge ned betydelige ressurser i behandling av skjønn som ikke har noe med selve kravet å gjøre. Av prosessøkonomiske grunner er det betenkelig at dagens begrensning fjernes. Etter vår oppfatning er det viktig å avgrense en jordskiftesak til det saken gjelder. Dersom det er behov for vegskjønn i samme område, uten at dette er av betydning for jordskiftesaken, mener vi skjønnet må kreves som egen sak.

§ 5-4: Paragrafen gjør det mulig å avholde skjønn om grøfter og kanaler m.v. også for eiendommer som ligger utenom jordskifteområdet. Vi ser klart behov for denne bestemmelsen, men mener den må brukes med varsomhet. I en enkel jordskiftesak mellom 3 – 4 eiendommer kan et skjønn etter denne bestemmelsen komme til å omfatte et betydelig antall eiendommer utenfor

jordskifteområdet. Skjønnen vil dermed medføre at jordskiftesaken blir uforholdsmessig ressurskrevende. I slike tilfeller er det etter vår mening bedre at skjønnen kreves som egen sak.

§ 5-5: Hovedinnholdet i denne bestemmelsen er at jordskiftelovens saksbehandlingsregler gjelder framfor skjønnsprosesslovens regler i skjønn som avholdes i samband med jordskifte, mens kun skjønnsprosesslovens like forhold vil få ulik behandling, noe som kan være uheldig. For å sikre en fleksibel og god saksbehandling i de kombinerte sakene, mener vi likevel at behandlingsreglene må bli slik arbeidsgruppa foreslår.

I tilknytning til § 5-5 vil vi uttrykke bekymring knyttet til reglene om rettens sammensetning. Etter skjønnsprosesslovens § 11 skal skjønn settes med 4 skjønnsmedlemmer, alternativt 2 dersom en av partene krever det og skjønnsbestyreren finner det ubetenkelig. Loven hjemler ikke at skjønn, selv ikke de enkleste, settes med dommeren alene. Etter § 2-8 i forslaget til ny jordskiftelov skal jordskifteretten som hovedregel settes med jordskiftedommeren som enedommer. I praksis medfører dette at en stor og komplisert jordskiftesak kan settes med enedommer. Skjønn i et forhold av mindre betydning må derimot settes med minst 2 skjønnsmedlemmer, f.eks. skjønn etter beiteloven fordi en sau har spist tulipaner i en villahage. Etter det vi kan se forhindrer ikke lovforslaget slik ufornuftig sammensetning av retten. Det enkleste ville etter vårt syn vært en endring av skjønnsprosesslovens § 11.

For de siste to paragrafene i kapittel 5 har vi ikke funnet grunn til merknader.

3.6. Merknader til Kap. 6. Saksbehandlingsreglar.

3.6.1. Generelle merknader.

Sakshandsamingsreglane tykkjest uferdige. Sjølv om me har lagt godviljen til, skjønar me ikkje heilt korleis det er tenkt, m.a. i §6-9.

Reglane i tvistelova er gjort gjeldande med dei unntak som går fram av § 6-1. Me syner her til hovudmerkнадane i kap. 2.4. I mange paragrafar er det likevel vist til at reglane i tvistelova skal gjelde, sjølv om det ikkje er gjort unntak for desse reglane i §6-1. Det er ikkje nødvendig. Dei mange omskrivingane av reglane i tvistelova frå bokmål til nynorsk er heller ikkje heilt heldig. Me meiner at omsynet til presise prosessreglar må vege tyngre enn omsynet til at dei skal vere lettfattelege.

Som me har nemnt i kommentaren til §4-4, bør det vere ein tilvisingsparagraf frå kap. 6 til denne. Ei anna løysing er §4-4 blir flytta til kap. 6.

Dette gjeld og i nokon grad §§ 3-16, 3-17 og særleg 3-19 som også inneheld reglar for saksbehandlinga. Nokre av ledda her burde kanskje vore flytta til kap. 6. I det minste bør det vera ein tilvisingsparagraf i kap 6. Systematisk høyrer saksbehandlingsreglane i §§3-16, 3-17 og 3-19 inn mellom §6-17 og §6-18. Det

jordskifteretten skal gjere i §§3-16, 3-17 og 3-19 er eit resultat av jordskifteavgjerda om fremme og ein del av grunnlaget for jordskifteretten sine avgjerder, jf. §6-18.

Det bør nok arbeidast ein del med disponeringa av slutten av kapittelet. Slik me ser det manglar det ein paragraf om avslutting av saka og ein om gjeremål når saka er rettskraftig. Avslutting av saka og kva som skal skje i etterkant går dels fram av §6-19, §6-22 og §6-26. Det er mogleg at nokon av reglane her burde vore samla i 2 paragrafar, ein med ei opplisting av kva som skal gjerast ved avsluttinga og ein med kva som skal gjerast etter rettskraft.

3.6.2 Merknader til dei einskilde paragrafane.

§6-1

Me syner til generelle merknader om tilhøve til tvistelova i vårt kap. 2.4.

Me er usikre på om reglane i tvistelova §§9-13 til 9-17 bør gjerast gjeldande for jordskiftesaker. Reglane høver sjølv sagt for forhandlingane der det skal avseiast dom og ordskurd, men høver mindre godt i jordskiftesaker.

§6-2

Det er mogleg det burde vor eit 2. ledd som ga reglar for kva prosessform som skal nyttast, når det på kravtidspunktet er uklart om saka blir løyst ved skjønn eller jordskifte.

§6-3

Overskrifta må endrast til ”Stadleg domsmynde (verneting)”. Overskrifta kunne kanskje og vore utforma meir forklarande, som: ”Kvar kravet skal setjast fram”.

§6-4

Me finn 1. ledd problematisk. I ein del tilfelle vil kjerna i saka vera om den som krev sak er eigar av grunn eller rettar. Det må takast inn at, ”eller den som meiner å vera eigar av...”. Alternativt bør det gå klårt fram av forarbeida at den som meiner å vera eigar kan krevje sak, sjølv om han etter matrikkelen ikkje har rettar i området.

§6-4 og §6-5

Me meiner at kravskompetansen bør samlast i ein paragraf. Overskrifta blir då som i utkastet §6-4.

§6-6

Me meiner at heile regelen i dagens lov §5 siste ledd bør førast vidare. Det er ikkje så sjeldan at partar inngår avtalar som sperrar for tenleg skifte medan saka pågår, det er viktig at jordskifteretten kan sjå bort frå desse.

§6-7

Mykje av innhaldet i 2. og 3. ledd samsvarer ikkje med overskrifta. Anten bør overskrifta endrast til også å gjelde andre prosesshandlingar og prosessskrift, eller så må desse reglane takast ut her og setjast inn annan stad, kanskje best i §6-15. Dersom dei då ikkje er dekkja opp gjennom dei meir generelle visningane til tvistelova. Det

kan også stillast spørsmål med om sjølvprosederande partar skal vera nøydt til å nytte prosesskrift, det kan føre til at unødvendig mange brev må sendast i retur for retting.

Ordlyden "personleg oppmøte i retten" er ikkje heldig, det kan peika på rettsmøtet. Det bør endrast til "oppmøte på jordskifteretten sitt kontor", eller til "domstolen".

§6-8

Denne paragrafen bør kunna forenklast. Den er i store trekk ei omskriving av tvistelova §9-2 3. ledd. Likevel gjeld tvistelova §9-2 parallelt, dette er unødvendig. Det spørst om ikkje dagens lov §12 1. ledd er betre, rett nok med naudsynt omskriving til: "Krav om sak for jordskifteretten..." . Me tykkjer det er positivt at kravet bør syne kva for geografisk område det gjeld, og at dette som hovudregel bør vera synt på kart.

Siste leddet syner til regelen i tvistelova §12-2, noko som er unødvendig, då det er synt til denne i §6-1.

§6-9

At jordskifteretten skal føra kontroll med kravet er sjølv sagt. Reglane i 1. til 3. ledd er såleis uproblematisk og dels gode. Overskrifta bør endrast til "Formelle vilkår for sak".

Ledda 4. til 6. ledd høyrer ikkje til her, slik me ser det. Kanskje fordi me har vanskar med å sjå korleis det er tenkt å fungere. Me kjem nærare attende til dette, mellom anna i drøftinga omkring fremme i vårt kap. 2.3 og drøftinga av §6-19, samt 7-13.

I 5. ledd bør i alle fall bør ordet "i rettsmøte" strykast. Dette gjer det særdeles tungvint å avvise ei sak som heilt klårt må avvisast. Det er tilstrekkelig at partane får uttale seg skriftleg i dei fleste tilfeller.

§6-10

Ingen særskilt merknad, anna et at regelen kunne vore innteke i §6-15.

§6-11

Det bør vurderast om reglane om saksførebuande/ planmøte bør takast inn her. Det bør og gå klårt fram at det kan haldast fleire saksførebuande møte og på fleire stadium i saka.

Siste punktum i 1. ledd er dekkja opp gjennom §6-1, og treng ikkje takast opp at her.

§6-12

Siste ledd kan strykast, dekkja i §6-1.

§6-13

Ingen særskilt merknad.

§6-14

Denne bør kunne kortast ned. I store mangearta saker kan det ikkje vera noko krav at alle partar skal ha informasjon om rettsmøte som ikkje vedkjem dei, 2. setning i 1. ledd bør takast ut.

Det må vera nok med ein kort visning til tvistelova sine reglar, desse er og gjort gjeldande i §6-1.

§6-15

Innhaldet i §6-7 2. og 3. ledd bør flyttast hit.

Siste ledd gjeld reglane i tvistelova §§9-13 til 9-17. Desse reglane har me drøfta noko under §6-1. I og med at reglane er nemnt i §6-1 treng dei kanskje ikkje stå her, og står dei her bør det presiserast at det gjeld for hovudforhandling i tvist.

Reglane i 2. ledd høyrer betre inn under §6-16.

§6-16

Denne paragrafen kunne kanskje vore korta ned, reglane her følgjer av dei deler av tvistelova som er gjort gjeldande for jordskifteretten. Eksempel på nedkorting utan endring i innhald: i 1. ledd 2. setning kan det stå *”tilby bevis”* i staden for *”tilby dei bevis dei har”*. Det hender sjølvprosederande parter får tak i jordskiftelova, for desse gjev reglane her nyttig informasjon, og det skadar ikkje om den blir ståande.

Reglane i §6-15 2. ledd bør inn her.

§6-17

Me syner til generelle merknader om fremmingsvedtaket i vårt kap. 2.6. Me meiner det i mange saker kan vera hensiktsmessig og kanskje turvande å avgjere av kva saka skal omhandle, dette gjeld både geografisk og sakleg. Her medrekna om det skal gjennomførast sak eller ikkje.

Det må og gjerast eit skilje mellom saker etter kap. 4 og jordskiftesaker etter kap. 3. Det er ikkje naudsynt med fremmingsvedtak i rettsutgreiingssaker og grensesaker.

Det er mogleg at det er i denne paragrafen at fremmingsvedtaket kan setjast inn. Fremmingsvedtaket må vera ei jordskifteavgjerd. Med andre ord ei realitetsavgjerd etter ein førebels realitetsbehandling. Jordskifteavgjerda kan gå ut på anten :

- a) Endring blir ikkje gjennomført
eller
- b) Endring blir gjennomført innafor slik sakleg og geografisk område.

3. ledd bør flyttast il §6-10, sjå vår merknad til denne.

4. ledd og 5. ledd går noko mot kvarandre. 4.ledd følgjer av disposisjonsprinsippet og må følgjast i tvistesaker etter kap. 4 i lova. 5.ledd må vera ein naudsynt unntaksregel for jordskiftesaker etter kap. 3. Siste setning i 5. ledd kan strykast.

§6-18

2. ledd bør kanskje strykast, då dette er sjølv sagt. Skal det stå må det stå *”...høve til å uttale seg om...”* i staden for *”..grunn til..”*.

§6-19

Korleis denne paragrafen skal utformast avheng mykje av kva val ein gjer lenger fram i lova. Slik me ser det og dei val me rår til, tilseier at denne paragrafen må omarbeidast mykje.

Me finn 1. ledd missvisande. Jordskifteretten fattar ofte fleire avgjerder under arbeidet med saka, ikkje berre ved avsluttinga, leddet kan strykast.

2. ledd er greitt nok, men kan kanskje kortast ned til: "Ved dom tar jordskifteretten avgjerd i tvist".

I 3. ledd må semjedom bytast ut med rettsfastsetjing.

4. ledd kan kortast ned, og bør ikkje vera uttømande. Slik me tenkjer vil jordskifteavgjerd omfatte alle dei avgjerder som er særskilde for jordskifteprosessen. Her kjem nemnast:

- avgjerd om at det ikkje blir gjennomført endring, etter realitetsbehandling av saka.
- avgjerd om at det blir gjennomført sak (fremming) med sikte på endring.
- avgjerd om verdsetjing
- avgjerd om mellombels ordning
- avgjerd om oppgjær av sakskostnader (gebyr og anna)
- avgjerd om val av skifteplanløyising
- avgjerd som avsluttar ei sak om endring og som inneheld alt som er endra og fastlagt.

Me rår til at det ikkje blir teke inn ei slik opplisting i lovteksten, og i alle høve ikkje ei uttømande opplisting, det kan vera mange avgjerder som bør takast i denne forma, utan at me per i dag kan ha oversyn over det.

Me vil og merkje noko som ikkje rimer i §6-19, i følgje arbeidsgruppa er "Jordskifteløyising under vegg i saka" det same som "utkast til skifteplan" i dagens §20. Utkast til skifteplan er ikkje ei avgjerd. Utkastet 4. ledd bokstav b) blir då ikkje til å forstå for oss.

5. ledd om ordscurd må endrast med vår løyising. 5. ledd bokstav a) gjeld då berre spørsmål om avvising på formelt grunnlag. Avgjerd om spørsmål om fremme, nytte/kostnad skal etter vårt syn avgjerast ved jordskifteavgjerd. Ordscurd skal etter dette berre nyttast når saka må avvisast på av formelle manglar, eller når det blir avgjort at saka kan behandlast etter krav om avvising på formelt grunnlag, jf. utkastet §6-9 1. til 3. ledd.

5. ledd bokstav b- d har me ingen merknad til.

Me har heller ikkje merknader til 6. til 8. ledd.

Døme på bruk av ulike avgjerdsformer: grenser kan bli slegne fast ved både ved
a) rettsfastsetjing, som eiga sak, eller som følgje av etterarbeid etter ein dom, og
b) jordskifteavgjerd, som følgje av ei endring gjennom jordskifte etter kap. 3.

§6-20

1. til 3. ledd har me ikkje merknader til.

4. ledd må utvidast til og å gjelde ordskurd.

5. og 6. ledd

Ords Kurd høyrer inn under 4. ledd og må flyttast dit.

Elles så skjønner me ikkje heilt kvifor ikkje 5. og 6. ledd er samanslege til eit ledd. Rett nok følgjer det av rettsfastsetjinga/ semjedom at partane ikkje har lagt ned påstand, men 6. ledd bokstav a) tek atterhald om dette jf. ”partane sin eventuelle påstandar”.

Det er viktig at jordskifteretten grunngrir jordskifteavgjerdene sine på lik line som ved dom. Partane sine merknader må koma fram i avgjerda. Jordskifteretten si grunngrivinga er like relevant og kanskje endå meir turvande i endringssaker enn i tvistesaker.

Ved rettsfastsetjing vil ofte jordskifteretten si grunngriving vera kortfatta, men bør minimum innehalde fram kva som ligg til grunn for avgjerda. I dei tilfella ei rettsfastsetjing vil bli anka vil dette vera til stor hjelp.

Me undrast noko over siste og 7. ledd. Ofte vil fordeling av sakskostnader bli avgjort som eiga avgjerd ved avslutting av saka. Det kan ikkje vera eit krav at det ved alle jordskifteavgjerdene skal takast inn avgjerd om sakskostnader.

§6-21

Ingen særskilt merknad.

§6-22

Sjå her våre merknader under kap. 3.6.1 over.

3. ledd høyrer ikkje til her, mange saker gjeld/ omhandlar ikkje grenser i det heile. Kravet til rapportering går dessutan fram av §6-26.

I 4. ledd må det vera ein feil, det er ikkje noko bokstav a) i §8-4 2. ledd, visninga til §8-4 gir ikkje mening.

§6-23

Her må det vera nok med ein visning til tvistelova.

§6-24

Går ut, i den nye lova vil tvistelova sine reglar for rettsmekling (tvistelova kap. 8 II) bli gjort gjeldande for jordskifteretten. Regelen er derfor uturvande.

§6-25

Denne regelen bør og innehalde samanføyning. Sidan det er matrikkelførar som opprettar, bør teksten endrast. Jordskifteretten kan ”vedta” eller ”avgjere” oppretting av nye...

§6-26

Regelen i 1. ledd er for lite fleksibel. Det er ikkje alle grenser som let seg merkje eller det er hensiktsmessig å merkje, så som i vassdrag og bergflog. Det kan og vera turvande å nymerkje eksisterande grenser. Det må leggjast opp til jordskifteretten sitt skjønn her.

Dersom grensemerkinga blir utsett til etter at saka er rettskraftig, bør desse vedtakast ved jordskifteavgjerd i når dei er merka og målt inn, slik at partane kan nytte rettsmiddel dersom dei meiner noko vart feil.

§6-27

Ingen merknad

§6-28

Ingen merknad.

3.7. Merknader til Kap. 7. Kostnader ved sak for jordskifterett.

3.7.1 Generelt om kostnadsnivå.

Me kan forstå at ynskje om ei jamstilling med tingretten om gebyrkostnadane. Det er likevel slik at partane får meir igjen for pengane ved bruk av jordskifteretten. Dette kjem tydeleg fram om ein nyttar grensesak som døme. Ved bruk av tingretten for å avgjere ein grensetvist, må partane først betale gebyr til tingretten for handsaminga av tvisten, for så å betale kommunale avgifter for å få merka og målt inn dei nye grensa og få den rette grensa korrekt i matrikkelen. I ei grensesak for jordskifteretten vil dei få utført alt dette ved ein og same instans. Me meiner at nivået på gebyra ved sak for jordskifteretten godt kan spegle dette. Det må ikkje bli slik at gebyrkostnadane ved bruk av jordskifteretten blir liggande vesentleg under satsane som kommunane har for kartforretning. Det er ikkje ein dom stol si oppgåve å måle/ eller setje ut grensemerke der grensa er klår og ikkje omtvista.

3.7.2 Merknad til dei einskilde paragrafane.

§ 7-1

§ 7-1 er ei vidareføring av gjeldande reglar og seier kva partane skal betale.

§ 7-2

§ 7-2 nemner nokre av dei utgiftene partane ikkje skal betale. Denne paragrafen er etter vårt syn turvande og kan sløyfast. Når det er fastslått i § 7-1 kva partane skal betale, må det halde.

Eventuelle rettsmøteutgifter burde vore med, leige av møtelokale. Det er ikkje alltid det er føremålstenleg å ha møta i lokale kommunen stiller til disposisjon.

§ 7-3

§ 7-3 Partsgebyret er etter utkastet teke bort og erstatta med gebyr knytt til rettsmøta. I prinsippet har vi ikkje merknader til dette, men med dei satsane som ligg i utkastet ser det ut til at gebyrinntektene vil bli vesentleg redusert.

§ 7-4

§ 7-4 Me er usikre på om det alltid er rett å fordela kostnadane i rettsfastsetjande saker etter "nytte". I tvist om ei grense der ein part tapar totalt og må erstatte motparten sine utgifter til juridisk bistand, bør han kanskje og dekke heile jordskiftekostnaden. Me syner og til merknadane i ein dom frå Agder lagmannsrett (LA-1999-93). Her uttaler lagmannsretten: *"Nyttebegrepet i jordskiftelovens § 76 tar sikte på forholdene ved en vanlig jordskiftesak og passer dårlig i en sak om rettsutgreiing, dvs. i en rettsvist, slik tilfellet er i denne saken. Det kan neppe sies å ha vært til noen « nytte » for den vinnende parten å få en avgjørelse som er i samsvar med det som hele tiden har vært hans oppfatning, og som retten ikke har funnet tvilsom. Etter sin art kunne saken ha vært reist ved byretten og etter resultatet ville ankemotparten da ha fått erstattet sine saksomkostninger etter tvistemålslovens regler, mens han etter « nytte »regelen i jordskiftelovens § 76 må betale for å få fastslått sin rett."*

§7-13

§7-13 Me syner til vår inndeling av avgjerdene i §6-19. Det er avgjerande at den nye lova ikkje definerer jordskifteavgjerd om endring eller ikkje endring (fremmingsvedtaket) som tvist. Det er mogleg at kva for avgjerder der ein kan få dekka utgifter til sakkunnig hjelp, bør gå fram ved visning til ulike ledd i §6-19.

Gebyr for gjennomsyn er innført og gebyr for gjerdelengde i skjønn er teke bort. Desse endringane har liten verknad for dei totale kostnadene knytt til saka.

Reglane i jskl § 77 om at jordskifteretten kan pålegge leigar eller annan som har liknande rett å gje eigaren vederlag for utgifter i samband med jordskiftet er ikkje ført vidare.

Eg kan ikkje sjå at det er noko sakn. Dette er ein regel vi aldri har brukt.

Elles ser vi ikkje at det er gjort vesentlege endringar i høve til gjeldande rett.

3.8. Merknader til Kap. 8. Rettsmiddel

3.8.1. Overordna synspunkt:

Med dei endringane vi har foreslått her, meiner vi at den nye rettsmiddelordninga vil fungere betre enn ordninga med ei to-spora rettsmiddelordning som i dag.

Vårt forslag byggjer også på at utvalet for jordskiftemeddommarar og skjønsmenn vert slege saman til eit utval. Ei slik samanslåing vil forenkle systemet og føre til færre feil ved samansetjing av retten i saker som inneheld både jordskifte og skjøn.

3.8.2. Kommenterar til dei einskilde paragrafane:

Til § 8-1: Gjennomsyn bør ikkje få plass i denne overordna bestemmelsen.

Til § 8-3: Type avgjerd bør stå først i dei enkelte ledd, slik at det vert enklare å finne rett avgjerdsform og av omsyn til helhetsinntrykket av paragrafen. Det er ikkje naudsynt å vise til reindriftsloven § 70, 6. ledd her.

Vi meiner at det blir ei samanblanding av roller om jordskifteretten skal gi slik teknisk hjelp som lagmannsretten ber om.

Til § 8-4: Eksisterande hovudregel om at jordskiftet ikkje kan ankast før jordskiftet er slutta, bør vidareførast av omsyn til framdrifta i saka.

Til § 8-5: Det gir grobotn for mistydingar når det på ei side vert sagt at ankefristen er ein månad og det på andre sida vert vist til tvisteloven § 29-5.

Til § 8-6: Det gir rom for mistydingar at det samtidig som det vert vist til tvisteloven, vert spesifisert kva ankefråsegna skal vise (3. ledd, punkt a-e). Manglande føresegner om underinstansens behandling mv. er tatt inn her.

Til § 8-7: Gjennomsyn i første ledd er tatt ut; tredje ledd er tilstrekkeleg.

Til § 8-8: Det må koma tydelegare fram at det er behandlinga av anken som ikkje er avhengig av tvistegjenstandens verdi.

Til § 8-9: 1. ledd: 2.ledd: Dette må lagmannsretten vurdere som ein del av skifteløysninga. Det vil eventuelt gå fram av skifteforslaget om det blir større endringer.

Til § 8- 10: 3. ledd passar betre under § 8-11.

Til § 8-11: 3. ledd: "Retten kan oppheve jordskifteavgjerda eller deler av henne" tas ut; dette står i andre ledd. 5. ledd flyttes til § 8-14.

Til § 8-12: To – vekers fristen i 1. ledd andre setning vert tatt ut, noko som gir færre unntak frå hovudregelen. Ein frist på to uker er heller ikkje praktisk.

Til § 8-13: Fastsetting av nye fristar for iverksetting; flytta til siste ledd i § 8-4.

Til § 8-15 Gjenopning: 2.ledd er ei ikkje naudsynt gjentaking av det som står i tvisteloven kap. 31.

3.9. Merknader til Kap. 9. Ymse føresegner.

Etter gjennomgang av forslaget til kapittel 9 har vi ikke funnet grunn til å kommentere §§ 9-1 til 9-7. Når det gjelder §§ 9-8 (endringer i andre lover) har vi tidligere vist til at skjønnsprosesslovens § 11 bør endres slik at enkle skjønn kan settes med enedommer.

Vi støtter endringene som er foreslått i lov om laksefisk og innlandsfisk § 25, med ett unntak: Siste setning ("Bruksordning fastsetter blant annet fordelingen av utgifter og inntekter") er en kompetanseregel. Den hører ikke hjemme her. Hva bruksordning er og kan gå ut på framgår av jordskifteloven. Nevnte setning bør derfor strykes.

I grannegjerdeloven foreslår vi – i tillegg til det som er nevnt under merknadene til kapittel 5 – at det er tilstrekkelig at én part krever at saken skal gå for jordskifteretten.

I tillegg viser vi til tidligere nevnte endringer i lov om taugbaner og løipestrenger, vannressursloven og konsesjonsloven.

Til slutt foreslår vi at vassdragsloven (lov 15 mars 1940 nr. 3) § 5, pkt 2. endres slik at det går klart fram jordskifteretten kan fastsette grensene også i tilfellene der eiendommene ligger på hver sin side av elv, bekk, eller innsjø (ikke ved skjønn).

4. Framlegg til endra lovtekst.

§ 1-1 Formålet med lova

Saker etter lova skal føre til tenlege og klare eigedomsforhold og rettsforhold for fast eigedom. Det skal leggjast til rette for at fast eigedom skal kunna brukast i samsvar med tida og tilhøve.

§ 1-2 Virkeområde

Lova gjeld for fast eigedom med mindre anna er bestemt i denne eller andre lover.

§ 1-3 Definisjonar

I denne lova tyder:

- a) **jordskifte:** bruk av verkemidla i kapittel 3 for å betre eigedomsforholda og leggja til rette for tenleg utnytting av fast eigedom i samsvar med tida og tilhøva.
- b) **rettsutgreiing:** klarlegging og fastsetting av eigedoms- og rettsforhold som sjølvstendig sak etter kapittel 4,
- c) **grensesak:** klarlegging, fastsetting, merking og beskriving av grense som sjølvstendig sak etter kapittel 4,
- d) **jordskifteområdet:** den geografiske avgrensinga av jordskiftet, jf. § 6-17 første ledd,
- e) **jordskiftegrunnlaget:** den samla verdien som partane rår over før endringsarbeidet tar til, sjå § 3-18 første ledd,
- f) **jordskifteløysing:** heil eller delvis løysing av saka som er til behandling i jordskiftet, sjå § 6-19 fjerde ledd,
- g) **jordskifteavgjerd:** jordskifteretten si avgjerd om verdsetting av det som skal gå i byte i jordskifte, jordskifteløysing undervegs i saka og den avsluttande rettsendrande jordskifteløysinga om grenser, eigedomsrett, bruksrett, tyngsler eller anna, sjå § 6-19 fjerde ledd,
- h) **rettsfastsetjing:** jordskifteretten si rettsfastsettande avgjerd om grenser, eigedomsrett, bruksrett, tyngsler eller anna når det ikkje er tvist, sjå § 6-19 tredje ledd,
- i) **tiltaksjordskifte:** jordskifte som er ein følge av gjennomføring av slike tiltak som nemnd i § 3-4 andre ledd bokstav a og

§ 2-1. Inndeling i jordskiftesokn

Kongen deler riket inn i jordskiftesokn for jordskifterettane.

§ 2-2. Talet på jordskiftedommarar og leiinga av jordskifterett

Jordskifteretten skal ha ein jordskifterettsleiar, og så mange jordskiftedommarar som til kvar tid er bestemt.

Til å ta sete i jordskifteretten i ein eller fleire bestemte saker kan jordskifterettsleiaren tilkalle jordskiftedommarar som er villige til å gjere teneste, frå andre jordskifterettar. Jordskifterettsleiaren kan elles be lagmannsretten om å tilkalle slike jordskiftedommarar innan lagdømet.

Leiaren fordeler sakene mellom dommarane ved jordskifteretten. Domstoladministrasjonen kan bestemme at jordskifteretten skal ha nestleiar. Har leiaren og nestleiareren forfall, skal den eldste jordskiftedommaren gjere teneste om ikkje nokon annan er oppnemnt.

§ 2-3. Jordskiftedommarfullmektigar

I dei jordskiftesokn der Domstoladministrasjonen finn det nødvendig, skal det tilsetjast jordskiftedommarfullmektigar.

Fullmektigen kan utføre oppgåver på vegne av jordskiftedommaren. Såframt det ikkje ligg føre ein forfallssituasjon som ein ikkje kunne rekne med på førehand, må fullmektigen ha særskilt fullmakt for å leie rettsmøte eller avseie dom. Fullmakta blir gitt av Domstoladministrasjonen eller av jordskifterettsleiaren etter reglar gitt av Domstoladministrasjonen. Jordskiftedommarfullmektigar kan ikkje styre saker i samband med ekspropriasjon etter § 5-2 med mindre det ligg føre særlege grunnar for det.

§ 2-4. Kvalifikasjonskrav til jordskiftedommarane

Alle som blir utnevnde i ei dommarstilling, skal ha slik jordskiftesfagleg utdanning som Kongen fastset.

Jordskiftelagdommarar som nemnde i domstoloven § 10, må ha fylt 30 år.

Jordskiftedommarar må ha fylt 25 år.

Jordskiftedommarfullmektigar må ha fylt 21 år.

Kongen fastset karakterkrav for jordskiftelagdommar, jordskiftedommar og jordskiftedommarfullmektig.

§ 2-5. Utnemning og konstitusjon av dommarar

Ved utnemning og konstitusjon av dommarar til jordskifterett gjeld domstoloven §§ 55–55 j.

§ 2-6. Anna personale

Jordskiftedomstolane skal ha nødvendig personale for å utføre:

1. Teknisk arbeid i samband med saka og til å førebu saker. Ved lagmannsretten bør dette personalet ha utdanning som jordskiftedommar.
2. Kontoradministrativt arbeid.

Domstoladministrasjonen fastset bemanninga ved den enkelte jordskifterett.

For personalet gjeld reglane i kapittel 6 i domstoloven så langt dei høver.

§ 2-7. Utval av meddommarar til saker for jordskifterett

I kvar kommune skal det vere eit eige utval av meddommarar til saker for jordskifteretten. Dei som er med i utvalet, skal vere kunnige i saker jordskifteretten vanlegvis har. Jordskifterettsleiaren fastset kor mange det skal vere i utvalet frå kvar kommune. Utvalet blir peika ut etter reglane i domstoloven om val av meddommarar. Lagrettemedlemer, meddommarar og skjønnsmenn er ikkje fritatt for val til utvalet for saker for jordskifterett.

§ 2-8. Talet på dommarar i den enkelte sak for jordskifterett

Jordskifteretten blir sett med ein jordskiftedommar. Om ein part krev det, skal jordskifteretten bli sett med to meddommarar. Meiner jordskiftedommaren at det er ønskeleg av omsyn til ei forsvarleg behandling av saka, skal jordskifteretten bli sett med to meddommarar sjølv om det ikkje er reist krav om det frå nokon part i saka.

I tiltaks- eller vernejordskifte som byggjer på føresetnadene i § 3-4 andre ledd bokstavane a og b, skal jordskifteretten bli sett med fire jordskiftedommamarar. Jordskifteretten skal bli sett med to meddommarar dersom ein av partane krev det, og jordskiftedommaren finn det forsvarleg.

I omfattande saker kan jordskiftedommaren fastsetje at ein eller to varameddommarar og ein varajordskiftedommamar skal følgje forhandlingane for å tre inn i jordskifteretten ved forfall.

Jordskiftedommaren set frist for å krevje meddommarar. Avgjerd om talet på meddommarar må vere tatt før innkalling etter § 6-13 til første rettsmøte.

§ 2-9. Kva for utval meddommarane skal bli oppnemnt frå

Jordskifteretten blir sett med meddommarar frå utvalet for saker for jordskifterett etter § 2-7.

Når jordskifteretten held skjønn som eiga sak, skal meddommarar bli oppnemnde frå utvalet av skjønnsmenn etter lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker med mindre anna er fastsett i den lova som skjønnet er heimla i.

Dersom det i eit skjønn som blir behandla som eiga sak, kjem krav om å utvide saka til å omfatte anna sak for jordskifterett, skal jordskifteretten gjennomføre behandlinga med dei meddommarane som er nemnde i andre ledd, med mindre utvidingsdelen kan bli avgjort etter § 2-8 første ledd av jordskiftedommaren som einedommar.

§ 2-10. Oppnemning av meddommarar

Jordskiftedommaren nemner opp meddommarar og varameddommarar frå dei utvala som er nemnde i § 2-7 ubunden av kommunegrenser. Skal retten etter § 2-9 ha meddommarar frå skjønnsmannsutvala, oppnemnar jordskiftedommaren dei ubunden av fylkesgrenser.

Så langt råd skal meddommarane vere særleg kunnige i det som saka i hovudsak gjeld. Om det er mogeleg, skal det bli oppnemnt meddommarar av baa kjønn. Side 223 av 299

Dersom ein eller fleire av dei oppnemnde ikkje møter, eller ikkje kan gjere teneste, og heller ikkje nokon av dei oppnemnde varameddommarane kan møte innan rimeleg tid, kan jordskiftedommaren nemne opp andre meddommarar for møtet. I slike tilfelle kan også meddommarar som ikkje står i utvalet, bli oppnemnde dersom det ikkje let seg gjere innan rimeleg tid å få tak i nokon som står i utvalet.

§ 2-11. Forsikring

For forsikring frå meddommarar gjeld skjønnslova § 20.

§ 4-2 g)

offentleg regulering av eigarrådevelde, i dei tilfellene det er usemje om grensene eller særlege grunnar taler for at grensene blir fastsett av jordskifteretten.

§ 8-1 Rettsmiddelinstansen. Kva som kan bli overprøvd

Lagmannsretten er rettsmiddelinstansen. Avgjerd som nemnd i § 6-19, kan bli overprøvd.

§ 8-2 Samansettinga av lagmannsretten

Ved anke over dom, orskurd eller vedtak skal retten setjast med tre lagdommere¹. Førstelagmannen kan fastsette at ein lagdommar blir erstatta av ein jordskiftelagdommar.

Ved anke over jordskifteavgjerd og rettsfastsetjing, skal lagmannsretten setjast med ein jordskiftelagdommar og to jordskiftemeddommarar.

Ved krav om overskjønn, skal lagmannsretten setjast saman slik det er fastsett i lov av 1. juni 1917 nr. 1 (skjønnsprosessloven).

Er det anka over jordskifteavgjerd og andre avgjerder etter § 6-19 samtidig, skal ankane bli behandla i ei og same sak. I slik sak skal retten setjast med ein jordskiftelagdommar, ein lagdommar og tre jordskiftemeddommarar.

Førstelagmannen fastset kven som skal førebu sak etter første og fjerde ledd.

Avgjerd om samansettinga av lagmannsretten eller kven som skal førebu saka, kan ikkje bli anka.

¹ Jfr. domstoloven § 12

§ 8-3 *Behandling av anke, krav om overskjønn*

Ved anke over dom, semjedom, orskurd eller vedtak, gjeld tvisteloven.

Ved anke over jordskifteavgjerd, gjeld jordskifteloven §§ 8-4 til 8-13 og kap. 6. Tvisteloven § 29-12 gjeld.

Ved krav om overskjønn gjeld lov av 1. juni 1917 nr. 1 (skjønnsprosessloven).

Ved anke over jordskifteavgjerd samtidig med krav om overskjønn, gjeld jordskifteloven §§ 8-4 til 8-13 og kap. 6. Tvisteloven §§ 29-8 gjeld. Lov av 1. juni 1917 nr. 1 (skjønnsprosessloven) gjeld så langt den høver.

§ 8-4 *Når rettsmiddel kan bli brukt og følgjene for iverksetting av jordskifte*

Med dei unntaka som denne paragrafen nemner, er det ikkje høve til å bruke rettsmiddel før jordskiftesaka er slutta.

Dom eller semjedom kan påankast straks av granne og av nokon som verken er godkjent som eigar eller som bruksrettshavar i skiftfeltet. Jordskifteretten kan ta avgjerd om at det same skal gjelde for andre som har ankerett. Slik avgjerd må takast inn i dommen.

Jordskifteretten kan gjere vedtak om at rettsmiddel kan bli brukt før heile saka er slutta. Slikt vedtak kan ikkje påankast.

Er det brukt rettsmiddel over avgjerd etter andre ledd eller tredje ledd, første punktum, må slutting eller iverksetting bli utsett.

I den mon det er naudsynt, fastset lagmannsretten ny frist for iverksetting.

§ 8-5 *Frist for bruk av rettsmiddel*

Frist for bruk av rettsmiddel føl tvisteloven § 29-5.

§ 8-6 *Ankefråseigna. Førebuande behandling av anken. Anketilsvar*

Ved anke over dom, semjedom, orskurd eller vedtak, gjeld tvisteloven § 29-9.

Ved krav om overskjønn gjeld lov av 1. juni 1917nr. 1 (skjønnsprosessloven) § 33.

Ved anke over jordskifteavgjerd gjeld tvisteloven §§ 28-8 (1) og 29-9 så langt det høver.

Ved krav om gjennomsyn gjeld tredje ledd.

Krav om overskjønn skal bli sendt til den jordskifteretten som har tatt avgjerda.

For jordskifterettens (underinstansens) førebuaende behandling av saken, gjeld tvisteloven så langt den høver.

For anketilsvar gjeld tvisteloven § 29-11.

§ 8-7 *Tilbakekalling av anke mv.*

Ved tilbakekalling av anke over jordskifteavgjerd gjeld tvisteloven § 29-19.

Bli anken kalla tilbake før ankefristen er ute, får anken ikkje noko å seie for reglar om iverksetting og fristar etter § 3-30. Bli anken kalla tilbake etter at ankefristen er ute, skal lagmannsretten endre reglar om iverksetting og frister etter § 3-30 om det trengst.

Første og andre ledd gjeld tilsvarande for krav om gjennomsyn så langt det høver.

§ 8-8 *Unntak frå verdigrense ved anke*

Anke over jordskifteavgjerd, avgjerd som nemnt i § 6-19, femte ledd bokstav a og b, og krav om gjennomsyn, kan ikkje nektast på grunn av tvistegjenstandens verdi.

§ 8-9 *Prøving av jordskifteavgjerd*

Lagmannsretten kan ta i bruk føresegnene i kap.3, og gå ut over ankepostane dersom dette er naudsynt for å sikre ei heilskapleg jordskifteavgjerd. Lagmannsretten kan endre avgjerda eller vise saka tilbake til jordskifteretten for ny behandling. Ved anke over jordskifteavgjerd, fell jordskifterettens avgjerd bort så langt lagmannsretten avgjer saka.

§ 8-10 *Gjennomsyn*

Partane kan sette fram krav om gjennomsyn ved påstand om feil som berre gjeld kart, utrekningar eller målearbeid. Ved gjennomsyn er jordskiftelagdommaren einedommar. Ved gjennomsyn kan jordskiftelagdommaren prøve alle sider av det tekniske arbeidet.

Finn jordskiftelagdommaren at slik feil har hatt innverknad på avgjerda, og jordskiftelagdommaren ikkje sjølv rettar feila, skal han gi jordskifteretten pålegg om å rette feila og gjere om jordskifteavgjerda i den grad rettinga gjer dette nødvendig.

§ 8-11 *Nærare om prøvinga av jordskifteavgjerd*

Ved behandling av anke over jordskifteavgjerd, kan ankeinstansen ta stilling til heile saka.

Finn lagmannsretten at det er gjort slike feil ved saksbehandlinga eller rettsbruken at jordskifteavgjerda må gjerast om, kan lagmannsretten endre avgjerda, oppheve henne, eller vise saka tilbake til jordskifteretten for ny behandling. Dette gjeld heile eller deler av avgjerda.

Kjem det i samband med ankesak opp tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett, tynglser eller anna som jordskifteretten ikkje har avgjort ved dom og som heller ikkje er endeleg avgjort på annan måte, kan lagmannsretten vise saka tilbake til jordskifteretten.

Har jordskifteretten avvist eit krav om jordskifte av materielle grunner og lagmannsretten finn at saka skulle ha vore behandla, kan lagmannsretten behandle saka sjølv eller oppheve avvisinga og vise saka tilbake til jordskifteretten for ny behandling.

§ 8-12 *Endring av jordskifteavgjerd når dom eller semjedom er endra ved ankebehandling*

Etter at lagmannsretten har avgjort saka, skal jordskifteretten halde fram med eller ta opp att jordskiftesaka i den mon det følgjer av avgjerda i lagmannsretten.

Er jordskifteavgjerda gjort om i samsvar med pålegg som nemnt i §§ 8-10 eller 8-11, skal alle partar som endringa har noko å seie for, få avgjerda forkynt. Dei har ankerett dersom endringa har noko å seie for dei.

§ 8-14 *Anke til Høgsterett*

Høgsterett er ankeinstans i sak som lagmannsretten har avgjort etter lova her. Tvisteloven kapittel 30 gjeld ved behandlinga av saka. Lov av 1. juni 1917 nr. 1 § 38 gjeld der lagmannsretten har tatt avgjerd etter § 8-3, tredje og fjerde ledd og tilsvarande for jordskifteavgjerd.

Tvisteloven § 29-3 (2) gjeld for avgjerd om å vise ei sak tilbake til jordskifteretten etter §§ 8-9 første ledd andre punktum, § 8-10 andre ledd eller § 8-11 andre og fjerde ledd.

§ 8-15 *Gjenopning*

Avgjerd tatt av jordskifteretten eller lagmannsretten, kan bli gjenopna etter reglane om gjenopning av dommar i tvisteloven kapittel 31.

Ei jordskifteavgjerd som nemnd i § 6-19 fjerde ledd bokstav c), kan dessutan gjenopnast dersom føresetnadene som er lagt til grunn for jordskifteavgjerd blir endra på ein slik måte at avgjerande tiltak i jordskifteløysinga ikkje kan bli gjennomført, og det er tvillaust at § 3-3 ikkje er oppfylt for minst ein part. Det kan ikkje bli kravd slik gjenopning dersom fristen etter § 3-30 for gjennomføring av tiltaket er ute.

Gjenopningsdomstolen skal gjere dei endringane som gjenopning etter første og andre ledd fører til. Det skal ikkje bli gjort større endringar enn det som trengst for å rette opp mishøvet. Gjeld endringa grenser eller liknande der kostnadene ikkje vil stå i rimeleg forhold til det ein oppnår, kan endringar bli gjort opp heilt eller delvis i pengar, skog eller andre verdjar.

5. Avslutting.

Notatet og framlegget til ny lov er eit langt steg på veg mot ei ny og betre lov. Det er likevel, slik me ser det, mykje arbeid att. Dersom departementet har behov for våre synspunkt i det vidare arbeidet, deltek me gjerne i ein ny høyringsrunde.